

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
18. 03. 2016	
Ark. behandl.	Levert
Behalt.	Finans godkjent

## Romarheim Bedehus

Vedlegg til søknad KD5ZAM – Kulturmidlar – Drift

Vedlegg 1: Årsrapport

Vedlegg 2: Rekneskap for 2016

Vedlegg 3: Program for våren 2016

Vedlegg 4: Budsjett for 2016

Romarheim Bedehus

*Britt Romarheim*  
Britt Romarheim

## Årsmelding for Romarheim Indremisjon 2015

### Romarheim Indremisjon

Etter valget til styret 2015, konstituerte vi oss:

Leiar: Britt Romarheim

Nestleiar: Helge Eidsheim

Skrivar: Randi Romarheim

Kasserar: Gert Erlend Romarheim

Styremedlem: Karl Olav Romarheim og Cecilie Skår

Vara: Kjell Larsson, Solveig Romarheim og Sigrid Romarheim.

Styret hadde 8 ordinære styremøte , og 37 saker. Veldig mange av sakene går på fordeling av ansvar og arbeidsoppgaver. I tillegg hadde vi ett ekstraordinær møtet, pga utbygginga. Det har gått med mykje tid til diskusjon og planlegging av utbygginga. Vi er glade for at heilt i slutten av året kom arbeidet endeleg igong!

### Aktiviteter på Bedehuset

#### Januar

Året 2015 begynte vi med årsmøte i Bedehuset. 17 frammøtte, - derav 3 ungdommar, og vi fekk 2 nye medlemmer!

29. hadde Kjell ansvar for småmøte.

#### Februar

6.-8. Hadde vi besøk av Audun Hjellvik og Arvid Larsen Tema for helga var: «Mitt hus». Lørdag hadde vi kveldsmat.

28. hadde In`puls invitert til besøk frå Nappane. Dei tok ansvar for møtet om kveden, og laga til kveldsmat.

#### Mars

7. var NMS misjonskveld med basar.

12. hadde Kjell ansvar småmøte.

19. kom Norvald Vedå og hadde møte for Gideon.

26. og 27. hadde Leiv Nesheim møter.

## **April**

17. – 19. var NLM representert v/Per Ove Aarseth.

Det skulle vere eit møte for Israelsmisjonen, men dei hadde gløymt det, og kom ikkje.

23. – 24. var Reidun Skurtveit her. Siste møtet vart flytta til matsalen!

25. Hadde Simon Romarheim konfirmasjonsfesten sin i Bedehuset.

## **Mai**

07. Randi hadde ansvar for småmøte

Dette året besøkte Marit Stokken oss. Ho hadde møteveke før Pinsestemnet, var her frå onsdag

20. – til 2. pinsedag, 25. mai. Arne Pareli Pedersen skulle og ha vore med, men han var sjuk.

Ove Danielsen song og spelte onsdag. Helen Romarheim kom, ho song saman med Marit. På Pinsestemnet kom Marit Tingbø frå NLM. Cecilie og Anita song til oss. Det var mye folk, ca 100 til middag, sjølv om mange gjekk før middagen! På ettermiddagsmøtet vart ordet gitt fritt. Mange hadde noko å dele! 2. dag var det også bra med folk! Flotte samlingar og folk hadde god tid!

## **Juni**

11. var det småmøte.

14. hadde vi sommeravslutning. Mykje folk, ca 40. vi fekk besøk frå Eidsvåg, Leknes og 3 frå Møvik! Veret var bra, men ikkje særleg varmt! Plutseleg begynte det å regne og folk måtte under ta – inn i matsalen! Gert Erlend brukte bilen sin som «partytelt» over grillen!

## **August**

29. hadde vi åpningsfest, med fokus på Raknestunet, som hadde 50 års jubileum. Sindre Kvalheim talte. Bedhuset var fylt med ballonger i taket, rundt om på bordene og på talerstolen! Flagg og blomster over alt! Mange frammøtte!

Det var første samling i et nytt semester. Vi hadde forbønnshandling, ba for dei som har faste oppgåver i forsamlinga vår, og for alle som ønskte forbønn.

Matfelleskap hadde vi også! Vart servert pizza, pizza snurrer, kaffi og te. Folk hadde god tid inn i det nye semesteret! Møtet varte fra kl 18 – 21!

## **September**

01. kom Herdis Heimdal fra Muhamedanermisjonen.

10. småmøte, som Randi hadde ansvar for.

19. In`puls laga til bønnedag, fra kl 09 - 21. Der var ulike stasjoner -stille rom- for tanker og bønn. Tavle med mulighet til å skrive takk til Gud. Brosjyrer med bibelord. Lister med ulike bønne emne. Bønnekrukker til å legge bønnelapper oppi. Stille krok, med madrasser og pledd. Kors på golvet, lystenning og bønn. Kaffi, saft og kjeks var sett fram. Veldig bra tilrettelagt! Flott tiltak til inspirasjon og bønn! En av In`puls lederne var alltid til stades! Det var noko nytt. Der var god plass til flere!
20. var Sindre Kvalheim med oss igjen og talte på søndagssamling! Hans tema var: »Har Jesu oppstandelse noe å si for oss?» Jesus åpnet veien til himmelen for oss!
27. Besøk av Leif Heggernes.

### **Oktober**

01. hadde Kjell ansvar for småmøte.
03. Lovprisningsmøte om kvelden, som Halldis Skår og Anita Eidsheim hadde ansvar for.
15. Kom Rune Øystese fra NLA. Hans tema var: «Velsignelsen – Guds ansikt.» Herrens ansikt lyse over deg og være deg nådig! Herren løfte sitt åsyn på deg og gi deg fred. Ovenfra kommer Gud, og Jesus var i avgrunnen og kommer opp igjen for oss. Vi blir sett på både ovenfra og nedenfra!
29. var Ottar Dalseid og talte til oss. «Et møte med Jesus forandrer alt!» Det gjorde det for Sakkeus, tolleren og fariseeren – og mange fleire. Møte med Jesus gjer noko med oss! Det forandrer livet vårt!

### **November**

01. vart Alf-Håkon Eidsheim døpt på Bedehuset.
06. – 08. var Audun Hjellvik og Arvid Larsen her. Audun talte og Arvid song.
17. – 19. hadde Erleiv Matre, fra NLM, møter.
24. var elever fra Bildøy Bibelskole her.
28. Hadde vi den årlige basaren, til inntekt for Bedehuset!

### **Desember**

05. Advetsamling, med graut og juleverksted.
28. var Juletreffesten. Den har søndagsskolen og In`puls har ansvar for.

**Dette året har vi hatt:**

52 Bønnesamlinger

33 møter

6 småmøter

7 strikkekafè

2 basarer

Søndagsskulen har hatt 18 samlinger. I tillegg kjem søndagene dei har delteke på møter.

In`puls har hatt 17. samlinger. I tillegg har dei bla. hatt ansvar for bønnedag og møtet med dei frå Nappane.

I 2015 har vi ikke hatt noen besøk på Ostertunet, fordi beboerne der ikke var klare til å ta imot oss. Det ser ut til at det ordner seg i året som kommer.

Vi har mykje å glede oss over! Bedehuset er ofte i bruk og vi har hatt mange fine, gode og inspirerende samlingar! Gud til ære og pris for det!

Britt Romarheim



## Balanse Bedehuset 2015

		INN	UT
Januar	1 I bank og kasse	706038	
	Forsikring		6331
	30 Straum		5099
Februar	8 Kollektandel NHI	543	
	15 Utleige av hus	600	
Mars	7 Leige basar NMS	600	
	19 Kollektandel Gideon	440	
	26 Kollektandel NHI	170	
	30 Straum		5168
April	1 Lindås Kommune		324
	NGIR		887
	19 Kollektandel NLM	724	
	23 Kollektandel NHI	325	
	25 Husleige + gåve	1000	
	Gåve Arne Mons Høiland	2000	
	Gåve Johannes Romarheim	500	
Mai	21 Leige bedehus Britt Romarheim	600	
	22 Kollektandel NHI	412	
	23 Kollektandel NHI	179	
	25 Kollektandel Pinsestemne	2305	
	Leige av hus pinsestemne	600	
Juni	1 Straum		4074
Juli	1 Brannsikring		10000
	22 Leige begravelse	800	
	30 Straum		1981
August	29 Kollektandel NHI, Raknestunnet	550	
September	1 Kollektandel Kristen Muslimmisjon	250	
	2 Geolog AS		11506
	20 Kollektandel NHI	185	
	27 Kollektandel Leif Heggernes	280	
	30 Straum		998
Oktober	1 Lindås Kommune		324
	3 Kollektandel S.I.Stosæter m /DTS-team	260	
	15 NGIR		887
	Kollektandel NLA	325	
	29 Kollektandel NH,Raknestunet	235	
November	1 Kollektandel søndagsskulen	293	
	13 Kollektandel NHI	525	
	19 Kollektandel NLM	370	
	23 Gåve frå CISV / Randi Romarheim	6250	
	24 Kollektandel Bibelskulen	389	

	28 Bedehusbasar	49397	
	Div. Utgifter basar		1000
	30 Straum		2033
Desember	7 Leige bedehus Ostereide sokneråd 14/1	600	30100
	18 Sakshandsaming påbygg		488
	21 Juletrelys		490
	31 Bank omkostningar	9487	
	31 Renter	787232	81690
Totalt			
		705542	
	I kasse og bank 1/1 2016		

**VELKOMMEN  
TIL MØTE I  
ROMARHEIM  
BEDEHUS**

**VÅREN 2016**



Jesus seier:  
Og det er det evige livet,  
at dei kjenner deg,  
den einaste sanne Gud,  
Og han du sende, Jesus Kristus.  
Johannesevangeliet 17,3.

Vedlegg 3



**Februar**

03.	Strikkekafe	kl. 19.00
06.	Årsmøte	kl.16.30
09.	Småmøte	kl. 19.30
23	Møte v/Giideon N.Vedå	kl.19.30

**Mars**

02.	Strikkekafe	kl. 19.00
6	Søndagssamling Espen Bø	kl. 16.30
15	Møte v/ Israelsmisj.Skogestad	kl. 19.30
29	Småmøte	kl.19.30

**April**

6	Strikkekafe	kl. 19.00
12.-15.	Møte v/ Lars Egil Fredriksen NLM	kl.19.30
24	Søndagssamling Paul Eknes	kl. 16.30
26	Småmøte	kl. 19.30

**Mai**

2	Dugnad	kl. 18.00
15-16	Pinsestemne Asle Hetlebakke, Magnor Harestad	
24	Småmøte	kl. 19.30

**Juni**

1	Strikkekafe	kl.19.00
7	Småmøte	kl. 19.30
12	Sommaravslutning m. Grilling	kl. 11.00

**SØNDAGSSKULE****Februar**

07	Gudsteneste	kl. 17.00
14	Søndagsskule	kl. 10.30
28	Søndagsskule	kl. 10.30

**Mars**

06	Søndagssamling	kl. 16.30
13	Gudsteneste	kl. 11.00

**April**

03	Søndagsskule	kl. 10.30
10.	Gudsteneste	kl. 11.00
17	Søndagsskule	kl. 10.30
24.	Søndagssamling	kl.16.30

**Mai**

01	Søndagsskule	kl. 10.30
15	Pinsestemne	kl. 11.00
29	Søndagsskule	kl. 10.30

**Juni**

12	Sommaravslutning	kl. 11.00
----	------------------	-----------

**HUGS PÅ MØTA I BØN**

Det kan verta forandringar. Sjå etter plakatar.

**IN`PULS KL. 19.30**

Februar: 6., 13.

Mars: 5., 19.

April: 2., 17., 30.

Mai:14.

**Småmøte**

På småmøta vil me gå gjennom komande søndags preiketekst.

9/2 Matt.26,36-45

Bli her og vak med meg

29/3 1. Peter 3,1-9

Eit levande håp

26/4 Matt.6,7-13

Vår far i himmelen

24/5 Johs.3,1-13

De må bli født på ny

7/6 Matt.9,35-38

Hausten er stor ,arbeidarane er få.

**BØN PÅ BEDEHUSET**

**KVAR LAURDAG KL. 9.00**

**Budsjett for Romarheim Bedehus – Drift****Utgifter**

Straum	kr. 19 000
Forsikring	kr. 7 000
Kom. Utgifter	kr. 2 000
Div	kr. 2 000

**Inntekter**

Leige inntekter	kr. 3 000	
Gåver	kr. 17 000	
Kollektandel	kr. 10 000	
Sum	kr. 30 000	kr. 30 000

  
Britt Romarheim